



Diabetesforbundet Sogn og Fjordane inviterer medlemmer og andre interesserte til helgesamling med foredrag ved **Scandic Sunnfjord Hotell i Førde, 11. – 12. november 2017.**

Målgruppe: Personar med diabetes type 1 eller 2. Ta gjerne med følge. Andre interesserte er også velkomne til å melde seg på.

Foredragshaldarar:



Overlege og professor Trond Geir Jensen. Trond G. Jensen er nefrolog og overlege ved Nyreseksjonen avdeling for transplantasjonsmedisin ved OUS Rikshospitalet, og professor ved Institutt for klinisk medisin UIT Norges Arktiske Universitet i Tromsø.

Han har dei siste 12 år vore medisinsk rådgivar for Diabetesforbundet. Han er ein av Noregs fremste ekspertar på diabetes.

Tema for foredraget er siste nytt innan forskning og behandling av diabetes type 1 og type 2.



Lege Andreas Dahl. Andreas Dahl byrja med spesialisering i augesjukdommar ved Førde Sentralsjukehus i 2014. Diabetespasientar utgjør ein vesentleg del av pasientgruppa. Tema for foredraget er problemstillingar, augekomplikasjonar og behandling av diabetespasientar.

Det vert også foredrag av inspektør i Statens Vegvesen, **Annfrid Skartun**, som informerer om førerkortforskriftene og diabetes. I tillegg får vi besøk av ein representant frå **Diabetesforbundet sitt sentralstyre**. Han vil orientere om Diabetesforbundet sine medlemsfordeler og forsikringsordning, rettar og tilrettelegging i arbeidslivet.

Samlinga startar laurdag 11. november kl. 10.30 og avsluttar søndag 12. november kl. 11.30.

For medlemmar: Pris per person i dobbeltrom: kr 1.000,-. Tillegg for enkeltrom: kr 200,-. Prisen inkluderer foredrag, overnatting, lunsj og middag laurdag, og frukost søndag.

Tillegg for ikkje medlemmar: kr 300,- pr. pers.

Pris for dagpakke for ikkje buande deltakarar: kr 450,- per person. Prisen inkluderer: Foredrag laurdag og søndag, lunsj laurdag og kaffi/te i pausane. Tillegg for ikkje medlem: kr 150,- pr. pers.

Påmelding på e-post til sognogfjordane@diabetes.no eller på SMS til 900 25 423.

Påmeldingsfrist 15. oktober 2017. Gje melding om eventuelle allergiar. Detaljert program vert sendt ved påmelding.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med Anita på telefon 900 25 423.

Vi tek atterhald om at der kan kome endringar i programmet.

Vi ønskjer alle hjarteleg velkomne.

